



FILM OG BRISLING: Ivar Vaage og Merethe Offerdal skal snakka om og visa film om brisling i Senioruniversitetet sitt neste møte. (Arkivfoto).

# Brislingen – liten fisk med store ringverknader

**Ivar Vaage og Merethe Offerdal Tveit kjem til Kvinnherad Senioruniversitet torsdag 19. januar med føredrag og film.**

Ivar Vaage sitt føredrag har tittelen: «Liten fisk – store ringverknader. Om brislingfisket og hermetikkindustrien i Sunnhordland». Merethe Offerdal Tveit har med seg film med det same temaet.

Begge to skulle vera kjende for medlemmar av Senioruniversitetet og andre som er interessert i lokalhistorie.

Journalist, forfattar, lokalhistorikar og kårkall Ivar Vaage bur på slektsgarden Våge ved Sundevågen. Der dreiv han med mjølkeproduksjon, jordbær og skog/juletre. Han gjekk i si tid ved Møre og Romsdal distrikthøgskule, den han studerte media og lokalsamfunn. Har vore tilsett som journalist i Gula Tidend, Grenda og Kvinnheringen. I tillegg har han jobba som frilansjournalist for ulike aviser og tidsskrift.

Vaage har skrive tre bøker med lokalhistorisk innhald: «Not la gå. Om brislingfisket i Sunnhordland» (1990), «Sild

i boks. Om hermetikkindustrien i Sunnhordland». (1992). «Med vilje til vekst. HMR 50 år» (2006). No er han engasjert i å laga bok om idrettslaget Trio som vert 75 år i 2021.

Merethe Offerdal Tveit er 31 år gamal, frå Rosendal og busett på Seimsfoss. Ho studerte film ved Nordland kunst og filmfagskole 2008-10. I 2013 flytta ho heim til Rosendal etter 10 år her og der i Norge. I Kvinnherad har ho gjort ulike dokumentarfilmprosjekt og fekk i 2010 eit kulturstipend frå kommunen. I 2016 laga ho ein julekalender heilt utanom det vanlege. Boksta-

veleg tala sette ho Sunde i fokus og dokumenterte utviklinga bygda har vore gjennom etter at eventyret med brislingfiske og hermetikkindustri begynte for 150 år sidan. 24 filmar om Sunde vart presentert på kvinnheringen.no i desember.

Ho likar godt å ta for seg historia vår, og historia til bygdene våre, og satsar på å få gjere fleire liknande prosjekt i framtida. I 2006/2007 studerte ho kunsthistorie og religionsvitskap ved Universitetet i Bergen.

Kvinnherad Senioruniversitet sine møte er opne for alle – vel møtt. (*Presseinfo*).

## Rosendal av nasjonal interesse

**Ni landskap i Hordaland er utvalde til å vera med i Riksantikvaren sitt register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.**

Riksantikvaren arbeider med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet. Hordaland er det andre fylket i landet der registeret er ferdig.

Riksantikvaren ønskjer å klargjera kva for kulturhistoriske landskap i Norge som er av nasjonal interesse, for å bidra til meir føreseieleg arealplanlegging. Ein bør ta omsyn til nasjo-

nale landskapsverdiar, til dømes ved kommunal planlegging og planlegging av store tiltak som

samferdsel og kraftutbygging, heiter det i ei pressemelding frå riksantikvaren.



ROSENDAL: Sett frå stien opp mot Malmangernuten. (Arkivfoto).

Desse områda i Hordaland er med i registeret:

- Den Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar
- Byfjellene, Bergen kommune
- Fitjarøyane, Fitjar og Bømlo kommunar
- Søre Bømlo, Bømlo kommune
- Etne, Etne kommune
- Rosendal, Kvinnherad kommune
- Indre Sørfjorden, Odde kommune
- Ytre Sørfjorden, Ullensvang herad
- Eidfjord, Eidfjord kommune

Utvalet av landskapa er gjort i nært samarbeid med Hordaland fylkeskommune.

**Kvinnheringen**

– for 25 år sidan

Kvinnheringen onsdag  
15. januar 1992

## Frå ruin til middelalder museum

– Kvifor ikkje byggja opp Halsnøy kloster som eit middelaldermuseum for Sunnhordland? Det er museumsstyrrar Tore Lande Moe ved Sunnhordland Folkemuseum som lanserer denne iden. Arbeidet med å restaurera og setja i stand anlegget er no kome så langt at spørsmålet om korleis anlegget skal drivast og brukast melder seg med stor tyngde.

## Flaum og vassløyse

Det var ikkje fritt for at folk som bur i området frå Skåla bru såg det komiske i situasjonen då dei søndags-ettermiddagen og fram til måndag føremiddag vart utan vatn, etter hovudleidningsbrot i Rosendal. Dagen før fløynde vatnet inn i kjellarar og over bær, grov seg nye elvefar og raserte vegar.

## Nilsen handel utvidar

Nilsen Handel i Uskedalen satsar friskt i det nye året. I morgon skal alt vera klart til å ta imot kundane i utvida og ominreidde lokale. Med eit nytt tilbygg på hundre kvadrat er det blitt romsleg og fint – dobbelt så god plass som før.

## Dramatisk båtvelt i Dimmelsvik

Ein ungdom og to eldre karar på vel 60 år fekk seg ein kald og dramatisk symjetur måndag då den 25 fot sjarken deira la seg over og sokk om lag 90 meter utanfor «Stokk og stein», Dimmelsvik Betong A/S.